

Regelverk Trio Cup

Hugs FAIR PLAY!

Utover underståande vert NFF sitt regelverk for 5arotball (inne) nytta. Nokre presiseringar:

1. Registrering av lag

Lagliste leverast sekretæriatet før første kamp.

Betaling av deltakaravgift gjerast til konto på førehand eller til sekretæriat før første kamp.

2. Kampreglement

Kamplengde er 13 minutt. Lag som ikkje møter til oppsett kampstart taper kampen 3-0.

I puljespel rangerast laga etter: Poeng – Målskilnad – Scora mål – Innbyrdes – Loddtrekning.

Ved uavgjort i finalespel: Straffekonk, 3 stk pr lag. Ved fortsatt lik målscore; 1 og 1 straffe.

2.1 Lag

Kvart lag har 4 utespelarar på banen + målvakt. Max 10 på laget totalt.

Berre keeper kan spele på 2 lag (evt som utspelar på det eine). Må avtalast med sekretariat.

Innbytte skjer ved boks (innbyttarbenk/bås).

Alle spelarar må nytte leggskin.

2.2 Kampreglar

Offsideregelen nyttast ikkje. Alle frispark er direkte.

Ball over sidelinja: Innspark erstattar innkast, kan ikkje score direkte frå innspark.

Innspark må takast innan 4 sekund. Viss ikkje, overtek motstandaren.

Ved innspark skal ballen ligge i ro på linja.

Motstandar vera minst 2 meter unna på innspark, og 5 meter unna på frispark og hjørnespark.

Ball over dømlinja: Corner eller målkast.

Ball i taket: Innspark i linje med treffpunktet.

Farefullt spel straffast med 2 minutt utvisning.

Protestar mot dommaravgjerder og fornærmande språkbruk/gestikulering straffast med 2 min.

2.3 Særskildt om målvakt/målkast

Målvakt *kan* forlate målfeltet.

Målspark erstattast av målkast. Målvakt må stå i målfeltet når han kastar ut.

Når ballen er i spel, kan keeper kaste så langt han vil.

Ballen må setjast i spel innan 4 sekund. Viss ikkje: frispark til motstandar på 6 m.

Ved målkast kan ballen ikkje kastast over midtstrek utan å berøre golvet eller ein spelar.

Målkast over midtstrek gjev frispark til motstandar på midtstreken.

Målkast takast på nytt om ballen berører ein spelar før den er ute av målfeltet.

Viss keeper berører bevisst tilbakespel med hendene, får motstandar frispark på 6 m.

2.4 Straff

Ein spelar som får **2 minutt utvisning** må sone straffa ved sekretæriatet. Laget får ikkje setje inn spelar før sekretæriatet viser at tidsstraffen er omme.

Ein spelar kan få **raudt kort** for alvorlege forseelser eller sin andre 2-minuttar i kampen.

Spelar som får raudt, må forlate banen/området rundt, og stå over lagets neste kamp.

Laget må spele resten av kampen med ein spelar mindre på banen.

3. Protest

Ein protest må varslast av lagleiar ved kampslutt og leverast skriftleg til sekretæriat innan 15 minutt etter kampslutt. Ein må betale ei protestavgift på 200 kr, som kun tilbakebetalast viss medhald. Turneringsleiar, sekretæriat og kampens dommar avgjer i samråd protest-utfallet.